



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	15/292	01.07.2016

Ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Samferdselsdepartementet sender med dette på høyring forslag til ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom). Den nye forskrifta skal erstatte gjeldande forskrift av 21. februar 2005 nr. 168 om gebyr til Post- og teletilsynet.

Høyringsinstansane og andre interesserte er inviterte til å kome med innspel til Samferdselsdepartementet innan **15. september 2016.**

Høyringssaka er tilgjengeleg på departementet sine nettsider. Vi ber om at høyringsuttale vert send elektronisk ved bruk av den digitale løysinga for høyringsuttalar (under "Send inn høyringssvar" på denne sida).

Om forslaget til ny forskrift

Nkom er sjølvfinansiert med rettsgrunnlag i gjeldande forskrift. Stortinget vedtek årleg i budsjettvedtak kor mykje Nkom skal krevje inn det komande året. Tildelinga følgjer Prop. 1 S (2015-2016), Prop. 1 S (2015-2016) og Innst. 13 S (2015-2016). Gebyrforskrifta fastsett nærare fordeling av gebyr til Nkom forholdsmessig mellom dei som brukar Nkoms tenester. Sjølvfinansieringa vert foreslått vidareført i ny forskrift.

Departementet foreslår ei ny forskrift for å tilpasse regelverket til «[b]estemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering», jf. Prop. 1 LS (2015-2016). Endringane som blir foreslått for å tilpasse forskrifta er i hovudsak av språkleg art. I tillegg foreslår departementet å forenkle

nokre av dei gjeldande føresegna, og å justere nokre av gebyrsatsane i forskrifta. Forskjellen mellom sektoravgift- og gebyrfinansiering følger av Prop. 1 LS (2015-2016) punkt 11.2:

"Sektoravgift kan fortsatt brukes for finansiering av fellestiltak for en næring eller sektor, men det legges som før opp til å utvise stor tilbakeholdenhet med å innføre denne finansieringsformen. Det er tatt inn en presisering i de nye bestemmelsene av at sektoravgifter bare kan ilegges aktører som tilhører eller har en nær tilknytning til sektoren, for eksempel i forbindelse med virksomheten til tilsynsorganer. Med sektoravgift og tilhørende utgiftsbevilgning vil det fortsatt være mulig å pålegge aktørene i en næring eller sektor å betale for fellestiltak. Etter de nye bestemmelsene bør andre nærings- og sektorspesifikke betalingsordninger som hovedregel unngås.

Normalt bør et gebyr dekke kostnadene fullt ut, og det er ikke anledning til å legge inn krav til overskudd etter både de tidligere og de nye bestemmelsene. Kartleggingen viser at det gjenstår noen få gebyrordninger som innebærer overprising. For pricing utover kostnadene endres ordlyden fra «bør» til «skal» – slik at overprising utvetydig skal fjernes. Derimot har Finansdepartementet kommet til at gjeldende retningslinjer gir en tilstrekkelig sterk oppfordring til full kostnadsdekning, og at dette beholdes som en «bør»-bestemmelse. Det kan derfor i spesielle tilfeller fortsatt begrunnes ikke å prise inn kostnadene fullt ut."

Berre nokre få inntektspostar vil vere gebyr i den nye forskrifta. Det som i gjeldande forskrift vert kalla gebyr, vert i all hovudsak endra til sektoravgift i forslag til ny forskrift. Det er berre nokre få einskilde eingongsgebyr att i forslaget til ny forskrift.

Enkelte sektoravgifter og gebyr er utrekna som faste kronebeløp, medan andre vert rekna ut på grunnlag av føresetnader som er bestemte i forskrifta, eller variable sektoravgifter som blir bestemte ved enkeltvedtak. Kva enkeltbeløp departementet foreslår å endre, kjem fram av det vedlagde forslaget til ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nkom. Storleiken på sektoravgifta og gebyret avheng av ressursbruken til Nkom innanfor det enkelte myndigheitsområdet, budsjettvedtaket til Stortinget, og talet på aktørar innan dei ulike forvaltningsområda. Nkom si verksemd gjeld ulike aspekt ved elektronisk kommunikasjon, post og elektroniske tillitstenester (nå: elektroniske signaturar), slik det blant anna går fram av forslaget § 3 om sektoravgift og gebyrfordeling mellom forvaltningsområde.

Samferdselsdepartementet foreslår etter innspel frå Nkom visse endringar i ressursbruken på dei ulike forvaltningsområda sidan sist forskrifta vart revidert. Endringane gjeld fordelinga mellom forvaltningsområda og dei einskilde sektoravgift- og gebyrsatsane. Vidare foreslår departementet å innføre fleire faste satsar. Dette inneber både at satsane vert lettare tilgjengelege for brukarane, og at Nkom må gjere hyppigare vurderingar av om det er behov for å justere satsane.

Nkom har eit reguleringsfond som vert tilført midlar ved inntektsoverskot (inntekter samanlikna med årets kostnader). Fondet skal i første rekkje vere eit hjelpemiddel for å kompensere for tilfeldige inntektsvariasjonar. Ordninga med reguleringsfond er med på å

sikre at innbetalte sektoravgifter vert nytta til formålet, i tråd med Tillatelsesdirektivet (2002/20/EF) artikkel 12 (som er ein del av EØS-avtalen).

ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

I fleire av føresegnene vert det foreslått ein reduksjon av satsane for sektoravgift og eingongsgebyr, mens det innan andre områder vert foreslått ei auke for betre å reflektere arbeidet Nkom har med forvaltningsområdet. Dette gjeld mellom anna forslaget om ei auke av andelen til posttilbydarane i § 3 andre ledd nr. 4. Auken vil gjere posttilbydarane si sektoravgift dyrare enn etter gjeldande ordning. Auken vert foreslått for å sikre finansieringa av Nkom sitt arbeid med å følgje opp postsektoren som blei fullt ut liberalisert frå 1. januar 2016.

Innføringa av den nye forskrifta inneber noko meir tilsynsarbeid for Nkom med enkelte av føresegnene. Endringane som gjeld ny § 9 vil føre til tilsynsarbeid ved at tilbydarane av ekom i større grad skal rapportere grossistomsetning til Nkom. På den andre sida meiner departementet at auka grossistrapportering vil lette kontrollen av sluttbrukaromsetninga. Endringa vil totalt sett difor føre til ein sær avgrrensa auke i kontrollarbeidet, og betre kvalitet på rapporteringa i sluttbrukarmarknaden. Auken i tilsynsarbeidet vil ikkje medføre behov for auka bemanning hos Nkom. Vidare vert det foreslått ei auke frå 30 til 35 millionar kroner for såkalla relevant omsetning, slik at selskap med omsetning på mindre enn 35 millionar kroner ikkje svarar sektoravgift til Nkom. Grensa på 30 millionar kroner blei fastsatt i 2005, og har ikkje vore auka sidan. Departementet legg til grunn at selskapa sin omsetning har auka med minst ein tilsvarende prosent sidan 2005, noko som medfører at ei slik endring ikkje fører til at fleire tilbydarar skal svara betaling etter føresegna.

Forskrifta inneheld også forslag om å redusere innbetalinga for nokre av brukarane. For eksempel vert eingongsgebyr for registrering av installert radioutstyr i luftfartøy foreslått redusert for betre å reflektere Nkoms sin noverande ressursbruk på forvaltningsområdet. Nokre av brukarane får dermed ei lette i betalingsvilkåra.

Med hilsen

Christina Christensen (e.f.)
fung. avdelingsdirektør

Silje Owren Aarum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.